

Olje- og energidepartementet

Einar Gerhardsens plass 1,  
Pb. 8148 Dep.  
0033 OSLO

## **Klage på konsesjonsvedtak – Haram vindkraftverk og Havsul II offshore vindkraftverk**

Klagen gjeld konsesjonsvedtak til Haram Kraft AS og Tafjord Kraftnett AS/Haram vindkraftverk på Haramsøy, og Havsul II offshore vindkraftverk utanfor Haram. Kommunen fremmer klagen over begge konsesjonsvedtaka i same ekspedisjon

### **Bakgrunn for klagene**

Haram kommune vart 24. Juni gjort kjent med NVE sine konsesjonsvedtak for vindkraftanlegga Haram vindkraftverk med nettilknytning på Haramsøy og Havsul II utanfor Haram og Giske. Konsesjonsvedtaket inneber Ja til utbygging av Haram Kraft AS sitt anlegg på Haramsøy, og Nei til offshoreanlegget Havsul II. Begge konsesjonsvedtaka er i strid med Haram kommune sine høyringsuttalar gitt i tilknytning til konsesjonsbehandlninga. Desse vart behandla i Haram kommunestyre i sak 02/06 og sak 47/06. Kommunestyret vedtok med 26 mot 10 røyster å gå imot Haram vindkraftverk, og gav støtte til Havsul II med 19 mot 18 røyster.

Haram formannskap tok på nytt opp saka i behandling av konsesjonsvedtaka i møte 04.07.08. Formannskapet vedtok då, med bakgrunn i kommunestyret sine tidlegare vedtak, å påklage begge konsesjonsvedtaka til Olje- og energidepartementet, i tråd med Forvaltningslovas kap. IV. Vedtaket om å påklage konsesjon til Haram vindkraftverk vart gjort samrøystes. Vedtak om å påklage avslag om konsesjon til Havsul II vart gjort med 8 mot 1 røyst.

### **Grunngjeving for klagene**

Haram kommune konstaterer at NVE i begge sakene har gått imot dei lokale folkevalde sin uttalar. Det er etter det vi tidlegare i behandlinga har fått opplyst, sjeldan at NVE gjer vedtak i strid med folkevalde sin vilje når det gjeld motstand til at konsesjon vert gitt. I dette høvet er det gjort vedtak på tvers av kommunestyret sine råd i begge konsesjonssakene, og kommunen vel derfor i sitt ankeskriv å sjå desse anlegga i samanheng. Argumentet for å sjå dette samla er forsterka gjennom formannskapet i Haram sin behandling av ankespørsmålet. Kommunen meiner at konsesjonsbehandlinga og argumentasjonen som leiar fram til så ulike konklusjonar ikkje er konsistent og inneheld manglar som bør prøvast av departement/regjering. Det vil særleg bli peika på NVE sine vurderingar av samfunnsmessige og økonomiske verknader av prosjekta, der det også er relevant å vise til dei same vurderingane som er gjort for Havsul I.

Kommunen vil også peike på at medan NVE vektlegg at Haram vindkraftverk er meint å gi eit positivt bidrag til den regionale kraftbalansen, samt noko verknad på sysselsetting og andre økonomiske verknader i lokalsamfunnet, er denne vurderinga totalt fråverande for Havsul II, dette til trass for at det er sagt at anlegget vil ha nasjonal effekt og vere eit viktig bidrag til å oppfylle regjeringa sin klimapolitikk. Kommunen er klar over at avvegingar om nytte /ulempe ved eit slikt anlegg må gjerast, men vil hevde at ringverknadane av Havsul II – prosjektet ikkje kjem tilstrekkeleg fram i dei dokument som omhandlar bakgrunnen for vedtaket.

Haram kommune vil presiserer at anken berre gjeld for den delen av Havsul II - prosjektet som ligg innanfor kommunen sine grenser. Kommunen respekterer dei vedtak som er gjort i Giske kommune når det gjeld lokalisering av vindparkanlegg innan Giske kommune sine grenser, og er elles kjend med at Havsul II vert omarbeidd til berre å omfatte areal som i all hovudsak ligg innanfor Haram kommune sine grenser. Anlegget vil likevel ha ein storleik som gir betydeleg positiv effekt til produksjon av fornybar energi i eit regionalt/nasjonalt perspektiv.

## Haram Kraft AS og Tafjord Kraftnett / Haram vindkraftanlegg – vedtak om konsesjon

NVE sitt vedtak om konsesjon for Haram vindkraftverk er gjort med bakgrunn i at:

Vindkraftverket skal kun omfatte Haramsøy. Det er svært gode vindforhold i området. Vindkraftverket vil bidra til å nå regjeringa sitt langsiktige mål om fornybar energiproduksjon og energieffektivisering. Vidare vil kraftverket bidra til ny elektrisitetsproduksjon i eit område med underskot og sikre forsyning lokalt og regionalt.

Dei negative verknadene er knytt til visuelle verknader for landskap, kulturmiljø, bebyggelse og friluftsliv. Dei negative verknadene er etter NVE si

vurdering akseptable både kva gjeld sjølve anlegget, vegbygging og nettilknytning. Fordelane ved prosjektet vert vurdert som overvegande i forhold til ulempene.

I behandling av høyringsuttalen om Haram vindkraftverk i kommunestyret (sak 02/06) gjekk fleirtalet inn for å tilrå NVE å avslå konsesjon til Haram vindkraftverk.

Formannskapet har samrøystes gått inn for å anke NVE sitt vedtak om konsesjon til utbygging av vindkraftanlegg på Haramsøy i Haram kommune. Sett i samanheng med ei storskala vindpark til havs, og i erkjenning av at det synest mindre aktuelt å få konsesjon til utbygging av begge anlegga, er den politiske prioriteringa i Haram tydeleg.

Haram vindkraftverk vil berre gi eit lite tilskot for å dekke det samla energibehovet i regionen, samt at det gir store uønska effektar. Kommunen har rett nok merka seg NVE sine positive vurderingar av anlegget sine samfunnsmessige verknader, og vi tillet oss å rykke inn kap. 7.13.1;

### **7.13 Andre samfunnsmessige virkninger**

#### *7.13.1 Sysselsetting og økonomiske virkninger i lokalsamfunnet*

Haram kommune ligger på Sunnmøre og har et areal på 262 km<sup>2</sup>. Kommunen utgjøres av et stort fastlandsområde med blant annet bygdene Vatne/Tennfjord, Søvik og kommunesenteret Brattvåg og en øygruppe med fire store øyer (Lepsøy, Haramsøy, Flemsøya/Skuløy og Fjørtoft).

Haram kommune har ca. 8700 innbyggere ([www.haram.kommune.no](http://www.haram.kommune.no)). Haram er en stor industrikommune. Den maritime industrien utgjør nær 80 % av arbeidsplassene, i tillegg kommer aktivitet innen anna industri, fiske, jordbruk, handel/service og det offentlige

Konsekvensutredningen viser at utbyggingsfasen av vindkraftverket samlet vil kunne generere en økt sysselsetting lokalt. De totale investeringer er i søknaden anslått til ca. 530 mill. kr. På bakgrunn av de siste års utvikling i vindturbinmarkedet, med stor etterspørsel i verdensmarkedet og økte priser, vil de

totale investeringskostnadene etter NVEs vurdering være vesentlig høyere. Dette drøftes videre under kap. 8 om Økonomisk vurdering av tiltaket

Sysselsettingseffekten av å etablere et vindkraftverk vil være størst i anleggsfasen. Dette vil særlig være knyttet til bygging av infrastruktur og turbinfundamenter. Økt aktivitet i området vil etter NVEs vurdering også kunne medføre positive ringvirkninger for servicenæringen i Haram.

Tiltakshaver har ikke beskrevet forventet antall årsverk knyttet til anleggsfasen. Erfaringer fra andre prosjekter tilsier at det vil kreves mellom 60 og 90 årsverk i utbyggingsfasen til vindkraftverket. I driftsfasen anslår NVE at behovet i forbindelse med drift- og vedlikehold av vindkraftverket vil kreve 2-4 årsverk. I tillegg kommer eventuelle kjøp av tjenester lokalt og regionalt.

Utover skatteinntekter, ville eiendomskatt kunne øke Haram kommunes frie inntekter. Etter det NVE kjenner til har ikke Haram kommune innført eiendomsskatt.

**NVE legger til grunn at etablering av Haram vindkraftverk vil ha en positiv økonomisk effekt for Haram kommune. Vindkraftverket vil bidra til økt sysselsetting lokalt og regionalt. Bygging, drift og vedlikehold av vindkraftverket vil også bidra til kjøp av varer og tjenester lokalt og regionalt, og således indirekte påvirke kommunal økonomi, så vel som lokale og regionale bedrifter.**

Kommunen er ikkje usamd i dette, men vi er redde for at realisering av Haram vindkraft no vil kunne hindre framtidig utbygging av større vindkraftverk med større energiproduksjon i området, særleg hindre Havsul II i å bli realisert no eller seinare (jfr NVE sine vurderingar), og med langt større positive verknader for produksjon av fornybar energi, samfunnsliv, næringsliv og kommunal økonomi.

## Havsul II AS/ Havsul II offshore vindkraftverk – vedtak om å avslå konsesjon

NVE sitt vedtak, kunngjort 24. Juni, om å avslå søknaden om konsesjon til Havsul II utanfor Giske og Haram er gjort ut frå ei samla vurdering av at det samtidig er gitt konsesjon til Havsul I og Haram Kraft. Avslaget er gitt med bakgrunn i innspel frå fagmyndigheiter om at det bør haustast erfaring med faktiske verknader av offshore vindkraftverk før det eventuelt blir etablert fleire havbaserte kraftverk utanfor Mørekysten. Det er mellom anna lagt vekt på at ein har for lite kunnskap om verknader for fugl og biologisk mangfald ved etablering av fleire havbaserte vindkraftverk i same område. Slik kunnskap er det føresett at ein skal hauste gjennom etablering av Havsul I. Det er vidare vektlagt at Havsul II er visuelt dominerande, særleg sett frå Vigra og at fleire havbaserte vindkraftverk vil verke dominerande i kystlandskapet.

Konklusjonen er at NVE ut frå ein heiskapeleg og samla vurdering avslår konsesjonssøknaden for Havsul II. Haram kommune oppfattar at NVE i sin argumentasjon og vurderingar legg opp til å avvente ytterlegare utbygging av vindparkar til havs i dette området til det er hausta erfaring gjennom Havsul I. Vedtaket er derimot å sjå på som eit endeleg avslag for etablering av storskala vindparkanlegg i dette området. Dette framstår som sjølvmotseiande, og gir ingen logikk.

Kommunen kan vanskeleg gå i mot dei reint faglege vurderingane som ligg til grunn for NVE sine konklusjonar, men reagerer på at dei samfunnsmessige verknadane av dette anlegget ikkje er tillagt vekt på same måte som anlegga på same tid vert gitt konsesjon. Haram kommune meiner det bør vere rom for både Havsul I ( positivt konsesjonsvedtak ) og Havsul II. Kommunen vil gjerne få rykke inn NVE sine vurderingar av dei samfunnsmessige verknadane for kommunal økonomi og sysselsetting ( kap. 7.3.8 ) når det gjeld Havsul I;

#### *7.3.8 Kommunal økonomi*

De viktigste forhold av betydning for kommunal økonomi ved etablering av vindkraft er om kommunen har eiendomsskatt. På søknadstidspunktet hadde ikke Sandøy kommune vedtatt eiendomsskatt, men har senere gjort vedtak om å innføre dette. Dette vil medføre årlige skatteinntekter i størrelsesorden 30 millioner kroner ved høyeste skattesats dersom Havsul I bygges ut som omsøkt. NVE er kjent med at det er inngått avtale mellom kommunen og utbygger som sikrer en kompensasjon som ligger høyere enn det eiendomsskatten alene vil gi.

Dersom drifts- og vedlikeholdskontoret til Havsul I legges til Sandøy kommune vil dette også gi skatteinntekter fra personalet. Flere lokaliseringer i kommunen er vurdert med tanke på etablering av drift- og vedlikeholdsorganisasjon.

**NVE konstaterer at eiendomsskatt vil gi ca 30 millioner kroner i årlig skatteinntekt fra Havsul I og vil være et positivt bidrag til Sandøy kommune.**

#### *7.3.8 Sysselsetting*

Av en utbyggingskostnad på over 3,5 milliarder kroner (ref februar 2006) er det anslått at 1,2 milliarder kroner kan bli norsk levering av varer og tjenester og av dette vil ca 800 millioner kroner være regionale leveranser, dvs ca 22 %. Utbyggingskostnaden vil i dag antakelig være over 6 milliarder kroner. Regionale leveranser vil primært være knyttet til fundamentering og montering, men også noe til nettfremføring over Gossen. Det antas at 1 million kroner i investeringskostnader gir 1 årsverk.

I driftsfasen vil sysselsetting for kommunen være knyttet til om det etableres drifts- og vedlikeholdsorganisasjon i Sandøy kommune. Det forutsettes i søknaden en drift- og vedlikeholdsorganisasjon på 9 personer. Etter NVEs erfaring er dette lite sammenlignet med for eksempel Nysted i Danmark, og en kan derfor forvente at drifts- og vedlikeholdsorganisasjonen vil være større. Basert på NVEs erfaringer kan det antas at det vil være sysselsatt mellom 20 og 30 personer i tilknytning til vindkraftverket. NVE er videre kjent med at en for norske og utenlandske vindkraftverk har erfaring med at etablering av arbeidsplasser tilknyttet et vindkraftverk gir en betydelig merverdi i form av ytterligere arbeidsplasser knyttet til leveranser av varer og tjenester.

**NVE konstaterer at det i anleggsfasen vil være betydelige summer som legges igjen lokalt og regionalt, og vil gi positive virkninger for sysselsetting. I driftsfasen vil etablering av driftsorganisasjon medføre positive ringvirkninger i lokalsamfunnet knyttet til arbeidsplasser og leveranser av varer og tjenester.**

Haram kommune stiller seg undrande til kvifor desse vurderingane ikkje er gjort for Havsul II.

Haram kommune arrangerte eit eige næringslivsseminar med representantar for alle dei maritime næringane tilstades, representantar for energisektoren og FoU/utdannings/kompetanse miljø frå regionen tilstades. Konklusjonen var eintydig, dette er eit nytt industrielt bein for regionen sin maritime kompetanseindustri å satse på. Også på denne bakgrunn synest NVE sine konklusjonar å vere mangelfulle. Kommunen etterlyser derfor ei grundigare

vurdering av dei økonomisk og samfunnsmessige verknadane av dette tiltaket.

Det må også takast fram at kommunen har sagt JA til utbygging av landanlegg for overføring av energien, som i seg sjølv er store inngrep i vakre landområde. Bakgrunnen for dette er at Haram kommune også kjenner ansvar for å sikre eksisterande næringsverksemdar stabil og sikker forsyning av elektrisk kraft i framtida.

Haram kommune er av den oppfatning at nettopp Havsul II, kombinert med eit forsterka overføringsnett frå Sogn og Fjordane til regionen vil sikre forsyninga på Sunnmøre i åra som kjem. Eit NEI til Havsul II vil bety nye og større utfordringar for en samla kraftforsyninga i området om kraftbalansen skal betrast monalegt.

## Avsluttande merknader til NVE sine konsesjonsvedtak knytt til Haram vindkraft og Havsul II

Vedtaket om å anke begge avgjørdene til NVE i sakene om konsesjon til dei to omsøkte anlegga i Haram kommune er ei klar markering av kva som er dei lokale folkevalde sin vilje . Kommunen ser desse sakene i samanheng og grunngevev dette gjennom tre perspektiv;

- Dersom konsesjonsvedtaket må grunngevest med at det visuelle perspektivet må avgrensast, er Haram kommune klar på at Havsul II må veljast framfor Haram Kraft sitt anlegg på Haramsøy
- Havsul II sitt bidrag til å sikre framtidig balanse i den regionale/nasjonale kraftrekneskapen.
- Lokale/regionale samfunnsmessige verknader på offentleg økonomi, sysselsetting og det industrielle perspektivet på framtidens vindproduksjon til havs.

Haram kommune vil sterk oppmode OED om kritisk å gå gjennom premissane for NVE sine konklusjonar i dei to sakene som omhandlar konsesjonar innan kommunen sitt område. Haram kommune vil legge til grunn at det ikkje går klart nok fram i grunngevinga for avslaget til konsesjon for Havsul II, kva for samfunnsmessige verknader dette ville hatt for lokale/regionale/nasjonale samfunnstilhøve. Haram kommune er skuffa over at NVE ikkje går nærare inn på dette tema i sin skriftlege dokumentasjon for vedtaket om å avslå konsesjon når det gjeld Havsul II. Kommunen har presisert at vår behandling av anken kun gjeld anlegg lokalisert innanfor våre grenser. Sjølv om Havsul II skulle avgrensast til å gjelde etablering berre i Haram kommune sitt havområde, vil kommunen likevel peike på det store positive bidraget dette anlegget vil gi til den regional og nasjonale

kræftforsyninga, ikkje minst i eit miljø- og klimaperspektiv. Haram kommune har sagt JA til å stille sine areal til disposisjon, både til havs og på land, og ser fram til resultatet av ei ny vurdering av konsesjonssøknaden for Havsul II.

Brattvåg, 15. juli 2008

Bjørn Sandnes  
Ordfører  
(Sign )



Jan Petter Eide  
Rådmann

Vedlegg: Haram formannskap sak 096/08 – NVE sitt konsesjonsvedtak av Haram vindkraftverk – vurdering av anke

Haram formannskap – sak 097/08 – NVE sine konsesjonsvedtak av Havsul II offshore vindkraftverk – vurdering av anke

# HARAM KOMMUNE

## Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	04.07.2008	096/08	Turid Hanken

Avgjerd av: Formannskapet	Arkiv: S82	Arkivsaknr 08/1235
---------------------------	---------------	-----------------------

### **NVE sitt konsesjonsvedtak av Haram vindkraftverk - vurdering av anke**

#### **Framlegg frå Rådmannen:**

Formannskapet godkjenner at NVE sitt vedtak om konsesjon til utbygging av Haram Vindkraftverk vert anka inn for Olje- og energidepartementet. Ordførar og rådmann får fullmakt til å utarbeide ankeformularet.

#### **Behandling i Formannskapet den 04.07.2008:**

Ordføraren ba om at det i framlegget frå rådmannen vart presisert slik at "utarbeide ankeformularet" vart endra til å utforme klagen.

Med denne endringa vart framlegget frå rådmannen samrøystes vedteke.

#### **FS-096/08 Vedtak:**

Formannskapet godkjenner at NVE sitt vedtak om konsesjon til utbygging av Haram Vindkraftverk vert anka inn for Ole- og energidepartementet. Ordførar og rådmann får fullmakt til å utforme klagen.

#### **Vedlegg:**

Haram vindkraftverk - orientering om vedtak

#### **Saksutgreiing:**

NVE kunngjorde 24.06.08 sine konsesjonsvedtak for vindkraftanlegga Haram vindkraftverk med nettilknytning på Haramsøy og Havsul II utanfor Haram og Giske. Konsesjonsvedtaket inneber Ja til utbygging av Haram Kraft AS sitt anlegg på

Haramsøy, og Nei til offshoreanlegget Havsul II. Konsesjonsvedtaka kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker etter at partane er underretta. Ei klage skal vere grunngitt.

I behandling av høyringsuttalen om Havsul II i kommunestyret (sak 47/06) gjekk fleirtalet inn for å tilrå NVE å gi konsesjon til Havsul II.

I behandling av høyringsuttalen om Haram vindkraftverk i kommunestyret (sak 02/06) gjekk fleirtalet inn for å tilrå NVE å avslå konsesjon til Haram vindkraftverk.

NVE har i sine vurderingar av konsesjonane i Haram, lagt til grunn at konsesjonssøknadane er godt nok utgreidde. Vedtaka er basert på ei samla vurdering av fleire konsesjonssøknadar i fylket, deriblant Havsul I og II, og Haram vindkraftverk. Av bakgrunnsdokumenta kjem det fram at ein kombinasjon av konsesjon til Haram vindkraftverk og Havsul I, etter NVE sine vurderingar samla sett vil ha akseptable konsekvensar for landskap og miljø. Haram vindkraftverk i kombinasjon med Havsul II derimot, gir etter NVE si vurdering betydelige landskapsmessige verknader. I vurderingane frå NVE er det ikkje lagt avgjerande vekt på kommunen sine uttalar i sakene.

Dersom Haram kommune skal påklage avgjerslene, bør ein sjå vedtaka i samanheng, og søke dialog med interessentane / søkerane og om muleg utforme klage i samråd med desse.

#### Konsesjon til Haram Kraft AS og Tafjord Kraftnett AS – Haram vindkraftverk og nettilknytning:

Etablering av Haram vindkraftverk gir ein elektrisitetsproduksjon på om lag 0,2 TWh. NVE sitt vedtak om konsesjon for Haram vindkraftverk er gjort med bakgrunn i at vindkraftverket berre skal omfatte Haramsøy. Det er svært gode vindforhold i området. Vidare er det lagt til grunn at vindkraftverket vil bidra til å nå regjeringa sitt langsiktige mål om fornybar energiproduksjon og energieffektivisering. Kraftverket vil bidra til ny elektrisitetsproduksjon i eit område med underskot og sikre forsyning lokalt og regionalt.

Dei negative verknadene er knytt til visuelle verknader for landskap, kulturmiljø, bebyggelse og friluftsliv. Dei negative verknadene er etter NVE si vurdering akseptable både kva gjeld sjølve anlegget, vegbygging og nettilknytning. Fordelane ved prosjektet vert vurdert som overvegande i forhold til ulempene. Konsesjonsdokumentet er tilgjengeleg på [www.nve.no/vindkraft](http://www.nve.no/vindkraft).

#### **Vurdering:**

Ut frå kommunestyret sitt vedtak i saka er det naturleg å anke konsesjonsvedtaket inn for Olje- og energidepartementet. På grunn av at vedtaket er gjort kjent nyleg med kort ankefrist, må saka behandlast no og utarbeiding av klagen skje raskt. På denne bakgrunn bør ordførar og rådmann få delegert fullmakt til å utforme ankeformularet innan fristen.

# HARAM KOMMUNE

## Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	04.07.2008	097/08	Turid Hanken

Avgjerd av: Formannskapet	Arkiv: S82	Arkivsaknr 08/340
---------------------------	---------------	----------------------

### **NVE sine konsesjonsvedtak av Havsul II offshore vindkraftverk - vurdering av anke**

#### **Framlegg frå Rådmannen:**

Formannskapet godkjenner at NVE sitt avslag om konsesjon til utbygging av Havsul II vert anka inn for Olje- og energidepartementet. Ordførar og rådmann får fullmakt til å utarbeide ankeformularet.

#### **Behandling i Formannskapet den 04.07.2008:**

Cine Finstad Austnes sette fram framlegg om at saka oversendes kommunestyret for endeleg behandling vedr. anken. Framlegget fall med 2 mot 7 røyster.

Det vart deretter røysta over rådmannen sitt framlegg, med presisering frå ordførar, om å endre "utarbeide ankeformularet" til "å utforme klagen". Dette vart vedteke med 8 mot 1 røyst

#### **FS-097/08 Vedtak:**

Formannskapet godkjenner at NVE sitt avslag om konsesjon til utbygging av Havsul II vert anka inn for Olje- og energidepartementet. Ordførar og rådmann får fullmakt til å utforme klagen.

#### **Vedlegg:**

Havsul II - Orientering om avslag på konsesjonssøknader

Havsul I - Orientering om vedtak

## **Saksutgreiing:**

NVE kunngjorde 24.06.08 sine konsesjonsvedtak for vindkraftanlegga Haram vindkraftverk, med nettilknytning, på Haramsøy og Havsul II utanfor Haram og Giske. Konsesjonsvedtaket inneber Ja til utbygging av Haram vindkraftverk på Haramsøy og Nei til offshoreanlegget Havsul II. Konsesjonsvedtaka kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker etter at partane er underretta. Ei klage skal vere grunngitt.

I behandling av høyringsuttalen om Havsul II i kommunestyret (sak 47/06) vart det fleirtal for å tilrå NVE å gi konsesjon til Havsul II.

I behandling av høyringsuttalen om Haram vindkraftverk i kommunestyret (sak 02/06) vart det fleirtal for å tilrå NVE å gi avslag på konsesjon til Haram vindkraftverk.

NVE har i sine vurderingar av konsesjonane i Haram, lagt til grunn at konsesjonssøknadane er godt nok utgreidde. Vedtaka er basert på ei samla vurdering av fleire konsesjonssøknadar i fylket, deriblant Havsul I og II, og Haram vindkraftverk. Av bakgrunnsdokumenta kjem det fram at ein kombinasjon av konsesjon til Haram vindkraftverk og Havsul I, etter NVE sine vurderingar samla sett vil ha akseptable konsekvensar for landskap og miljø. Haram vindkraftverk i kombinasjon med Havsul II derimot, gir etter NVE si vurdering betydelige landskapsmessige verknader. I vurderingane frå NVE er det ikkje lagt avgjerande vekt på kommunen sine uttalar i sakene.

Dersom Haram kommune skal påklage avgjerslene, bør ein sjå anke av dei to anlegga i samanheng, og søke dialog med interessentane / søkarane og om muleg utforme klage i samråd med desse.

### Avslag til konsesjon for Havsul II offshore vindkraftverk

Ei etablering av Havsul II ville gitt ein elektrisitetsproduksjon på om lag 2,2 TWh. NVE sitt vedtak om å avslå søknaden om konsesjon til Havsul II utanfor Giske og Haram er gjort ut frå ei samla vurdering av at det samtidig er gitt konsesjon til Havsul I og Haram Kraft AS (Haram vindkraftverk). Avslaget er gitt med bakgrunn i innspel frå fagmyndigheiter om at det bør haustast erfaring med faktiske verknader av offshore vindkraftverk før det eventuelt blir etablert fleire havbaserte kraftverk utanfor Mørekysten. Det er mellom anna lagt vekt på at ein har for lite erfaring og kunnskap om verknader for fugl og biologisk mangfald ved etablering av fleire havbaserte vindkraftverk i same område. Slik kunnskap er det forutsett at ein skal hauste gjennom etablering av Havsul I. Det er vidare vektlagt at Havsul II er visuelt dominerande, særleg sett frå Vigra og at fleire havbaserte vindkraftverk vil verke dominerande i kystlandskapet. Meir om NVE sine vurderingar finn ein i KTE-notat nr. 26/08 som er tilgjengeleg på [www.nve.no/vindkraft](http://www.nve.no/vindkraft).

**Vurdering:**

Ut frå kommunestyret sitt vedtak i saka er det naturleg å anke konsesjonsavslaget. På grunn av at vedtaket er gjort kjent nyleg med kort ankefrist, må saka behandlast no og utarbeiding av klagen skje raskt. På denne bakgrunn bør ordførar og rådmann bli gitt fullmakt til å utforme ankeformularet innan fristen.